

Referat frå møte i elevrådet

onsdag 23.oktober 2019

Tid: kl.11:25

Stad: Møterommet i 1.etg



Til stades:

2.kl: Vilde

3.kl: Bading

4.kl: Sunniva & Miriam

5.kl: Matias

6.kl: Tina og Benjamin

7.kl: Iselin

Sak 1 Saker frå klassene

2.klasse: Bakedag for heile skulen: Før jul vert det baking for alle.

Sykkeldag: Det vart tatt opp i sist møte i elevrådet – sjå referat.

Pysjfest: Kan arrangerast klassevis

Aktivitetsdag: Yoga, dans og hoppetau

Fjellturar: Ligg allereie inne i planane våre

4.klasse: Ynskjer å bruke «Tante Martas plass» fordi 5.klasse i år bruker plassen foran uteamfiet. Vi drøfta dette litt og landa på at «Tante Martas plass» skal vere for 5., 6. og 7.klasse.

Kan vi ha band som får øve i Amfiet? Litt vanskeleg no - vi har ikkje nok vakter som kan hjelpe i friminutta.

6.klasse: Klassen ynskjer oppdeling i 1.-4.kl og 5.-7.klasse når det skal vere arrangement. No gjeld det Halloween. Skulen styrer ikkje dette arrangementet og kan ikkje gjere noko med det no.

7.klasse: Ynskjer speil i garderoben. Ynskjet vert meldt vidare til Egedomsavdelinga.

Andre ynskje: Bordtennisbord til utebruk

Sak 2 Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø

Området foran uteamfiet – stikkball:

- Veldig mange som ikkje «beliter seg»
- Dei eldste kaster veldig harde baller

- Betre med ei deling
- Elevrådet drøfta deling av området og landa på at dei ynskjer deling frå og med måndag 4.november til jul:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
10.00 - 10.30	5.-7.kl	3.kl + 4.kl	3.kl+ 4.kl	3.kl+ 4.kl	3.kl+ 4.kl
12:10 - 12:40	5.-7.kl	5.-7.kl	5.-7.kl	5.-7.kl	5.-7.kl

Kom og leik haust 2019:

- 4.klasse ynskjer kanonball og Stiv heks som aktivitetar i samband med «Kom og leik».

«Småplassen»:-

- Rektor informerte og viste teikning med innspel om korleis småplassen kan bli betre.
- Det er Eigedomsavdelinga i kommunen som tek imot innspel frå skulen. Dei seier det er bra med nokre planar å gå ut frå når dei finn ledige midlar (pengar) til opprusting av «Småplassen».

Sak 3 Brøytestikker langs vegane

Kvar haust sett Statens vegvesen ut brøytestikker langs riks- og fylkesvegnettet. I tillegg til at brøytestikker skal vera ei hjelp for dei som utfører vintervedlikehald på vegane skal dei vere til hjelp for al trafikk i mørket – med andre ord eit viktig trafikksikringstiltak! Statens vegvesen som har ansvar for brøytestikkene, seier at det er ei utfordring at brøytestikker forsvinn i område der skuleborn ferdast. Alle i elevrådet må ta dette opp i klassen sin. Det er ikkje lovå fjerne brøytestikker.

Referent: Matias og rektor Anne

